

# ME SJÅAST PÅ GOL!

## GOL – SENTRALT PLASSERT MELLOM OSLO OG BERGEN

Gol er berre ein «liten køyretur», nesten same kva retning du kjem frå. Bergensbanen går også gjennom Hallingdal, og er eit godt reisealternativ.

Gol har ei langstrakt sentrums-gate, og er på mange måtar handelssentrum i Hallingdal. Under landskappleiken inviterer me butikkane til å flytte ut på gata og vera synlege med gode tilbod til alle tilreisande.



## OVERNATTING PÅ GOL

**Hotell:** Pers Hotell blir kappleikshotell under landskappleiken neste år. Pers har god kapasitet og ligg plassert midt i sentrum.

**Camping:** First Camp Gol ligg 2 km aust for sentrum og har god kapasitet til bilar og vogner. I tillegg vil me lage til kappleikscamping i Gol sentrum.

## JOBB SOM FRIVILLIG UNDER LANDSKAPPLEIKEN NESTE ÅR


Det er stort behov for folk som har lyst til å gjera ein jobb, og det er moro å bidra til at kappleiken blir ein suksess!



Scann denne QR-koda  
og registrer deg

# LANDS KAPPLEIKEN

Gol  
26. - 30. juni  
2024



”Røtneims-Knut,  
leug og mjuk, finst ikkje  
nokon som kasta han ut.

Inkji i Hemsedal,  
inkji i Gol, inkji på  
Tørpo og inkji i HoI.”



**RØTNEIMS-KNUT**  
- leug og mjuk

#### RØTNEIMS-KNUT

Gol og Hallingdal har lange tradisjonar innan folkemusikk og bygdedans. Ein historisk og kjend person var stordansaren og kjempekaren, Røtneims-Knut (på golingsdialekt: Røtneims-Knut).

Knut Skaga, som han opphavleg heitte, busette seg på garden Rotneim og tok namnet Knut Rotneim. Knut levde frå 1809 til 1851 og vart ein dugande dansar, og han var spesielt sprek til å gjera hallingkast. Han skal til og med ha dansa for sjølvaste kronprins Oscar på Lærdalsmarknaden i 1839.

Låtten Røtneims-Knut vart lenge nytta som kjenningsmelodi for Buskerudsendinga i NRK, så slik sett er den blitt eit ikon for Gol og Hallingdal. I løpet av landskappleiken på Gol vil du bli betre kjend med historia om Røtneims-Knut.

# LANDS KAPPLEIKEN **Gol** 26. - 30. juni 2024

Sist det var landskappleik på Gol var i 1972, og planen var at Gol spel- og dansarlag skulle få arrangementet attende i 2022, 50 år etter. Grunna ein godt kjend pandemi vart det dessverre ikkje slik.

## **MEN I 2024 SKAL DET BLI LANDSKAPPLEIK PÅ GOL**



#### **ÅRETS HOVDNEMND:**

Frå venstre: Anders Lunden Herfoss (tevlings), Ola Stave (marknadsføring og pressekontakt), Åsmund Jøtun Fauske (konsertar og kultur), Wenche Dokken (mat), Sissel Rudningen (stemmekontor), Magne Øynebråten (leiar), Mona Lindh England (økonomi), Kjell Gunnar Møllerplass (arena/camping), Gro Hagen Hallingstad (frivillige), Olav Arne Løstegaard (konsertar og kultur). Ole Christian Nymoen (HMS/beredskap) var ikkje til stades då biletet var tatt.